

forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

HANDLINGSPLAN 2014

Friluftsliv som sosialmedisin

FNF Møre og Romsdal ønskjer å spreie glede og positivitet kring friluftsliv og natur. Vi vil arbeide for å gå i ein annan retning enn individretta BM-indeks og prestasjon, men heller i retning av sosialmedisin med eit aktivt uteliv i familie/flokk med mykje psykososiale vitaminar.

Påvirke i alle typer plansaker


FNF Møre og Romsdal skal påvirke i plansaker og enkeltsaker som har konsekvensar for naturverdiar, friluftsliv og klima. Viktige prinsipp saker skal ha høgaste prioritet. Viktige fagområder vil vere: Sikre inngrepsfri natur/villmark, unngå tap av biologisk mangfold, sikre strandsona og allemannsretten og sikre fysisk aktivitet/naturoppleving der folk bur.

Rammevilkår

Arbeide for å auke midlane til friluftsliv organisasjonane. Arbeide for at medlemsorganisasjonane får betre økonomisk grunnlag for sine aktivitetar. Formidle oversikt over kva slags ulike økonomiske støtteordningar som fins. Arbeide politisk/adm. for å auke rammer for friluftsliv organisasjonane i fylket.

Medlemsorganisasjonar

FNF har dei siste åra arbeidd med å byggje opp eit nettverk blant organisasjonane og forvaltninga i fylket. Dette arbeidet må fortsette i 2014. Nokre av organisasjonane har FNF god kontakt med, men vi må gjere ein innsats ovanfor dei lag og organisasjonar som vi ikkje har hatt dialog med til no. Arrangere møter og få felles prosjekt med alle dei grøne organisasjonane som ønskjer samarbeid. Arrangere ein friluftslivskonferanse for natur- og friluftsliv organisasjonar i løpet av året. Ta del i kvar andre sine aktivitetar. Det er eit langsiktig mål at det er minst to natur- og friluftsliv organisasjonar som deltar aktivt i arealplansaker i kvar kommune, og FNF skal stimulere til ei kompetanse-bygging som gjer det mogleg. For 2014 ønskjer ein og kartleggje dei org. som pr dato tek aktivt del i arealplansaker.



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

God kontakt med myndighetene

FNF Møre og Romsdal skal oppretthalde den gode kontakten vi har med fylkesmann, fylkeskommune og andre instansar i forvaltninga. FNF Møre og Romsdal skal vidare arbeide for å knytte til oss nye samarbeidspartnare. Knytte kontaktar gjennom FNF som kan nyttast av dei ulike organisasjonane.

Friluftslivsaktivitet og -anlegg

Arbeide for lavterskeltilbod i friluft framfor alt; dvs folkehelse framfor prestasjonar. Fremje bruk av anleggsmidlar (spelemidler) til anlegg for friluftsliv. Stimulere til aktivitet både i og utanfor anlegg. Arbeide for dei som fell mellom alle stolar knytt til organisasjonsform, men som framleis driv fysisk uorganisert aktivitet i friluft. Koordinere friluftslivets veke 2014. Planleggje ei liknande veke knytt til vinteraktivitet 2014. Arbeide for alle umotoriserte aktivitetsformer som fremjer fysisk aktivitet som turgåing, skigåing, sykling, riding og liknande. Vi ønskjer også å arbeide for at det blir ein lavare terskel for å kome seg ut og vere aktiv. Vi skal arbeide for å nå fram til dei grupper som tradisjonelt i liten grad kjem seg i aktivitet. Rette innsatsen slik at vi når fram til barna som prioritert målgruppe.

Kartlegging og sikring av friluftsområder


Arbeide for å få kartlagt dei verdifulle friluftsområda i fylket vårt i tråd med nasjonal handlingsplan for sikring av friluftsområde. Arbeide inn mot fylkeskommunen og den nyleg etablerte referansegruppa for friluftsliv.

Verneområda

Representere naturvern- og friluftslivsinteressene i arbeidet med verneplaner og forvaltningsplaner i verneområda, og vere aktiv i arbeidet for å få plass i rådgjevande utval for dei nye forvaltningsstyra. FNF er no representert i det rådgjevande utval for Trollheimen, Dovrefjell og Reinheimen. For dei store verneområda står då att Geiranger/Herdalen som vi ventar kjem på plass med det første.

Biologisk mangfald

Vere engasjert i utfordringa rundt treslagsskifte/skogplantning i gamle granfelt/leplantingar og i naturskog i fylket. Halde fokus på natur- og



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

friluftsverdiane ved søknader om skogsvegar. Arbeide for vern av jorda som grunnlag for både biologisk mangfald og matkjelde. Bidra i diskusjonen om at alle norske dyr har sin plass i norsk natur med minst mogleg konflikt med husdyr. FNF Møre og Romsdal skal arbeide for ivaretagelse av våre små bekker og vassdrag for en betre forvaltning av sjøaure- og laksebestandane i fylket. Følgje opp nye næringar som til dømes tareoppdrett.

Motorisert ferdsel

Følgje opp dei 3 kommunane i fylket vårt (Neset, Rindal og Surnadal) som er blant dei 108 prøvekommunane for motorisert ferdsel i landet. Legge trykk på kommunane som handsamar søknader om motorisert ferdsel i utmark. Sjå på anna lovverk som styrer støyande aktivitetar i utmark og innmark og leggje eit motpress mot støyande reiselivsaktørar/medieselskap/A- og B-kjendisar sin tru på at støyande aktivitetar ikkje plagar noko eller nokon.

Sikre stille areal

Arbeide for å sikre nokre areal for friluftsliv utan at det er menneskelege inngrep og støyande aktivitetar i området. Sjå på «stjerneområde» (dvs lysfrie område).


Energisituasjonen

Uttale seg om søknader om vasskraftutbygging og vindkraft. Sjå på korleis straumen blir ført fram og vurdere behovet for dette. Arbeide for at dei frivillige organisasjonar og/eller FNF kjem med uttale om desse. Også i år er det varsle nye vasskraftsaker i fylket vårt som har kort uttalefrist (3 mnd?) uttalefrist, som krev merksemd.

Turskiltprosjektet

Informere og hjelpe til søkarane med turskilt-prosjektet finansiert av Gjensidigestiftinga og fylkeskommunen. Ta del i den lokale tildelingsgruppa. FNF ser at turparkering er ei utfordring på mange stader, og vil arbeide for at det blir etablert moglegheit for turparkering. Til dømes fiskeplassar, kulturminner kan vere turmål på turen. Prøver eit pilotprosjekt med fiskekart i 2014 i Ålesund kommune.

Politisk arbeid



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

Leggje fram saker til fylkesutvala som fremjar naturvern- og friluftinteressene. Halde fokus på dei grøne interessene i kommunale- og i fylkeskommunale utval.

Informasjon

Bruke heimesida aktivt for og spreie informasjon om arealsaksarbeidet. Gå aktivt ut med informasjon til kommunane og andre, gjerne knytt til tema som ikkje blir fulgt opp av offentlege etatar. Informere om aktivitetar i dei ulike organisasjonane. Mål om minimum ein ny artikkel i månaden på nettsida til FNF. Lage ei kobling på nettsida til FNF (www.fnf-nett.no) til alle organisasjonar i FNF Møre og Romsdal.

Forsking - kunnskap

Vi treng kunnskap om det vi held på med, kva av våre aktivitetar/tiltak som nytter og kva som ikkje funkjar. Dette kan vere noko for ein student å arbeide med (høgskulen i Volda). Vi ønskjer eit samarbeid med ein utdanningsstad/forskningsmiljø innan faget vårt for å kvalitetssjekke det vi gjer.

Berekraftig utvikling

Vere engasjert i berekraftig utvikling i Møre og Romsdal.

Friluftslivets år 2015

Vere aktiv i forkant av friluftsåret 2015. Førebur samarbeid og aktivitet. Rette fokus på born og unge, auke medlemsaktiviteten.